



Skulereglar på Rossland skule – lokale ordens- og åtferdsreglar.

Ordensreglementet gjeld på skulevegen, i skuletida, i SFO-tida og på turar i regi av skulen, jf. Opplæringslova §10-7 og forskrift om ordensreglementet for grunnskular i Alver kommune.

- 1) Ver slik at alle kan vera din venn og trivast på skulen. Vis respekt, ver høfleg og vennleg, også på nettet. Leik slik at ingen vert skada. Du skal retta deg etter det vaksne seier.
 - 2) Alle skal ha det trygt og godt på skulevegen, på skulebussen og på skulen vår. Ingen skal plaga eller godta at andre vert plaga. Du skal ikkje snakka nedsettande om andre. Å seia frå om plaging er ikkje å sladra. Mobbing og krenkingar skal varslast til rektor.
 - 3) Elevane skal vera på skulen sitt område i skuletida dersom anna er avtala med lærar.
 - 4) Du har plikt til å vere aktivt med i opplæringa og følgje skulereglane. Plikt til å aktivt delta i opplæringa innbere du møter presist og førebudd til undervisning, har med det du treng til undervisninga (chromebook, bøker, skrivesaker og anna utstyr), gjer arbeidsoppgåvene dine og er oppmerksam i timane utan å forstyrre undervisninga. For å læra treng ein mellom anna arbeidsro.
 - 5) Når du er på veg frå ein stad til ein anna, beveger du deg på ein slik måte at ingen vert uroa.
 - 6) Du skal ta vare på skulen, skulesakene og miljøet rundt, og alle skal få ha skulesakene og eigendelane sine i fred. Skadeverk/hærverk er brot på skulereglane.
 - 7) Vis god orden. Heng ytterkleda i gangen og set skoa fint opp. Alt bosset skal sorterast i bioboss, papirboss og restavfall.
 - 8) Det er ikkje lov til å bruka WC og gangar som opphaldsrom.
 - 9) Det er berre lov å kasta snøball mot fast blink på tilvist område. Dersom nokon har bygga snømann eller snøborg, skal ein ikkje øydlegge desse.
 - 10) Du får ikkje ha søtsaker med på skulen, t.d. sjokolade, chips, energidrikk og brus, og du skal heller ikkje bruke tyggegummi i timane.
 - 11) På grunn av fare for skadar, er det ikkje lov å bruka sykkel, sparkesykkel, rulleskøyter/-brett på skuleplassen eller ved skulebussen. Det er heller ikkje lov å ha med potensielt farlege gjenstandar som kan skade personar, bygning eller inventar, til dømes kniv, på skulen sitt område.
 - 12) Bruk av tobakk og/eller rusmidler er strengt forbode på og i nærleiken av skulen. Du har heller ikkje lov til å ha med deg tobakk, fyrstikker, lighter eller rusmidler på skulen.
 - 13) Reglar for bruk av mobiltelefon
Det er ikkje lov å ta bilete av andre elevar eller vaksne på skulen eller skulevegen utan samtykke. Mobiltelefon kan brukast i skuletida dersom det er ein del av eit undervisningsopplegg godkjent av lærar.
Gjeld for barnetrinnet:
 - Mobiltelefonen og smartklokke skal vera avslått i sekken i skuletida**Gjeld for ungdomssteget:**
 - Mobiltelefonen skal uoppfordra slåast av og leggjast i mobilhotellet i klasserommet kvar morgon.
 - 14) Det er ikkje lov å laste ned ulovleg materiale frå internett, og digitalt utstyr skal brukast til skulerelaterte aktivitetar. Du skal bruke nettvett. Digitalt utstyr lånt av Rossland skule, er omfatta av skulereglane også utanfor ordinær skuletid.
- Fråvær:
- Heimen informerer skulen så raskt som mogleg om eit barn ikkje kjem på skulen.
 - Det skal søkjast skriftleg for å få permisjon frå skulen. De finn elektronisk skjema på heimesida til skulen.
 - Du skal melda frå til ein lærar dersom du skader deg på skulen eller skulevegen.



Konsekvensar ved brot på skulereglane ved Rossland skule - ordens- og åtferdsreglar,

jf Opplæringslova §10-7, §13-1 og §13-2 og forskrift for ordensreglementet for grunnskular i Alver kommune.

Ved brot på ordens- og/eller åtferdsreglane kan eit eller fleire av tiltaka nedanfor setjast i verk avhengig av alvorsgrad og grad av gjentakning:

- Tilsnakk/retteleiing.
- Skriftleg merknad/registrering. Registrering i Visma.
- Samtale med den vaksne som handsamar saka.
- Skulen tek kontakt med føresette.
- Samtale med undervisningsleiar/rektor.
- Midlertidig inndratt/konfiskert digitalt utstyr som er lånt ut av Rossland skule.
- Pålegg om å vere til stades før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærer og/eller rektor/inspektør, eller for utføring av pålagde oppgåver.
- Avgrensing av elevens rørslefridom i friminutt og/eller påbod om å vere i nærleiken av ein namngjeven elev/tilsett, eller om å halde seg på eit avgrensa område inne eller ute.
- Bortvising frå undervisninga i barneskulen for einskild timar eller resten av dagen, jf. Opplæringslova §13-1. I slike tilfelle skal heimen informerast først.
- Bortvising frå undervisninga i ungdomsskulen for inntil tre dagar, jf. Opplæringslova §13-1
- For elevar på ungdomsskulen kan brot på reglane føra til nedsett ordens- og/ eller åtferdskarakter. Dette gjeld etter fleire regelbrot eller ved særlege gove einskild hendingar, jf. forskrift til oppl §9-2, §9-4, §9-6, §9-7 og §9-17.
- Midlertidig eller permanent klassebyte, jf. Opplæringslova §10-7.
- I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane tilseier det, og andre tiltak allereie er prøvd, jf opplæringslova § 13-2 første ledd.
- Pålegg om å rette opp skaden eleven har påført skulens eigedom eller eigedelar – for eksempel rydde boss, vaske golv eller veggar, fjerna tagging osv.
- Den som øydelegg utstyret til skulen eller elevar med vilje eller på grunn av ulovleg leik, må betale det det kostar å utbetre skaden, jf. Skadeerstatningsloven §1.1 og §1.2.
- Gjenstandar som kan nyttast til å skade andre, blir beslaglagt av skulen. Ulovlege gjenstandar overlatast til politiet. Andre beslaglagte gjenstandar blir overlevert til eleven etter skuletid same dag. Dette gjeld og mobiltelefon og smartklokke.
- Dersom du ikkje heldt deg til reglane for bruk av mobiltelefon, vert telefonen inndratt resten av dagen.
- Rusmidlar blir beslaglagt av skulen. Tobakk, snus, e-sigarettar og alkohol overlatast til føresette. Ulovlege rusmidlar overlatast til politiet.

Rossland skule 01.01.2022
Oppdatert i samband med ny opplæringslov 05.08.24
Godkjent SU/SMU 11.09.2024
Mikal Lussand
- rektor –